



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmrtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2021/824 - 432.2

Dato 09.12.2021

Innkalling til styremøte 16.12.21

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Torsdag 16.12.21 kl. 10:00
Stad: Teams videomøte

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 28/21 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 29/21 | Saksframlegg:
Søknad om motorferdsel i verneområde i samband med GPS-merkeprosjekt - Norsk institutt for naturforskning (NINA) |
| Sak 30/21 | Saksframlegg:
Søknad om bygging av uthus på Nordstaulen Lisveinbu gnr. 90 bnr. 1 i Seljord kommune - Torkjell Flatland |
| Sak 31/21 | Saksframlegg:
Søknad om oppføring av tilbygg på gnr. 142 bnr. 1 i Seljord kommune - Augon Eika og Halvor Mæland |
| Sak 32/21 | Eventuelt |
| Sak 33/21 | Neste møte |



Sak 29/21

Søknad om motorferdsel i verneområde i samband med GPS-merkeprosjekt - Norsk institutt for naturforskning (NINA)

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

NINA v/ Roy Andersen søker om løyve til motorferdsle i samband med naudsynt oppfølging av GPS-merka villrein i Brattefjell-Vindeggen LVO.

Oppfølging vinterstid krevjar bruk av snøskuter, noko som gjerast av lokal personell på oppdrag for NINA/prosjektet. Konkret så vert det nytta personell frå Norsk villreinsenter sør med bistand av rettshavarar/villreinutval.

Hensikten er å sjå til at det ikkje skjer noko med radiosendaren som kan påverke dyret negativt. Då først og fremst med tanke på ising på vinteren under spesielle vêrforhold som ein har sett i enkelte områder. Oppfølginga på vinteren er også eit krav knytt til tillatinga gjeve til radiomerking av villrein av forsøksdyrforvaltinga i Mattilsynet.

Radiosendarar frå 2019 forventast å fungere ut 2022 og kanskje vidare inn i 2023. Sendarar frå sist vinter forventast å kunne fungere ut 2024 og kanskje vidare inn i 2025. Desse sendarane trengjer oppfølging gjennom vinteren og det trengs i den forbindelse tillating til bruk av snøskuter for perioden 2022-2025.

NINA har tidlegare hatt motorferdselsløyve for perioden 2019 – 2021 i samband med dette prosjektet. Denne søknaden er difor å rekne som ei vidareføring av tidlegare løyve, for perioden 1. desember til 20. april i åra 2021 til 2025 (4 år).

Vedlegg

- Søknad, dagsett 12.11.21 (2021/11587-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2017.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.



Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmaende markskader, hjulspor ol."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitsskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Det er søkt om motorferdsle med snøskuter i heile villreinsonråde. Det ein handsamar i denne saka er motorferdsle innanfor vernegrensa i alle tre vernesonane.

Med omsyn til motorferdsle konkret, er det ingen relevant forvaltingsmål for brukssona eller kulturlandskapssona. I vernesonane er relevant mål at *"Vernesonane skal oppretthaldast som eit urørt naturområde rikt på biologisk mangfald"* og at *"ein skal være særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye tiltak/anlegg og motorferdsle i vernesonane."*

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonal føresegn.

I tillegg til føringane for motorferdsle som er beskriven i motorferdslelova og verneføresegn/forvaltningsplan, er det for område vedtatt ei føresegn om forbod mot motorferdsle i spesielt sårbare områder i Brattefjell-Vindeggen. Punkt 2 i denne føresegna seier at *"All motorferdsle*



innafor eit område i Vindeggen, Mefjell, Langvasstødalen, Månelibråtet og Ørmenuten(...) er forbode i tida frå 15. april til 1. juli. (...).” Det er kommunane som er forvaltningsmyndigheit for denne føresegna.

Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket, jf. NML §§ 8 og 9. Villreinen er eit av verneføremåla, og i samband med det det søkjast om her, der villreinen sjølv er målet for motorferdsle, er det liten tvil om at dyra blir utsett for belastning. Denne belastninga er godt kjend, og difor er prosjektet avhengig av å få løyve til gjennomføring av Mattilsynet ved Forsøksdyrutvalet.

Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den køyringa det er søkt om. Derimot vil støy og menneskeleg aktivitet vere forstyrrende for villreinen. Det er godt kjent kva slags effekt slik aktivitet reint generelt har på villreinen. «NVS rapport 5/2010 om villrein og forstyrrelser», fortel mellom anna at frykt-, og fluktavstand typisk er på mellom 500 og 700 meter frå til dømes ein snøskuter.

I hovudsak dreier motorferdsle seg om bruk av snøskuter for å oppfølging av dei GPS-merka dyra i verne- og villreinområdet.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får liten betydning i denne saka, då det er godt kjent kva effekt snøskuterkøyring har på området/villreinen, og då ein ikkje kan sjå usikkerheit i moglege andre negative effektar på verneføremåla.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. I samband med oppgåvene som skal utførast her, vil snøskuter i all hovudsak bli bruka for å kome seg inn i området.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev på vilkår Norsk institutt for naturforskning v/ Roy Andersen løyve til motorferdsle som beskriven i søknaden dagsett 12.11.21.

Løyve er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i perioden 1. desember til 20. april i åra 2021 til 2025 (4 år).
- All motorferdsle skal minimerast og snøskuterkøyring skal i størst mogleg grad gå etter etablerte trasear.
- Mest mogleg av oppfølginga skal skje i samband med anna oppsyns- og tilsynsoppgåver i fjellet.
- Søkjaren skal kontakte SNO eller verneområdeforvaltar seinast 3 dagar før naudsynt motorferdsle tek til.
- Det skal ikkje køyrast i vinterferie eller påskeferie.
- Vernemyndigheitene skal få årleg rapport på køyring.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjaren er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Norsk institutt for naturforskning v/ Roy Andersen.

Kopimottakarar:

- Tinn kommune
- Vinje kommune
- Hjartdal kommune
- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 30/21

Søknad om bygging av uthus på Nordstaulen Lisveinbu gnr. 90 bnr. 1 i Seljord kommune - Torkjell Flatland

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Torkjell Flatland søker om løyve til å bygge eit lite uthus på Nordstaulen Lisveinbu gnr. 90 bnr. 1 i Seljord kommune. Uthuset skal nyttast til vedbod/utedo, og vil bli plassert om lag 20 meter frå stølsbua. Staulen har eit totalareal på 30 m². Uthuset vil vere på 3,10 m x 3 (10 m²). Det skal brukast dobbeltfalsa furubord på vegg, og furubord på tak.

Vedlegg

- Søknad motteke 23.10.21 (2021/11227-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)"* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.



Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldslova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Nordstaulen Lisveinbu gnr. 90 bnr.1 ligg i kulturlandskapsona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for kulturlandskapsona. Det er difor planens generelle bestemningar som er førande i denne saka. Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m² – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

I denne saka søkjast det om eit uthus på BYA 10 m², som skal nyttast som vedbod/utedo. Søkjar opplyser om at fjoset på staulen som har fungera som utedo/vedbod til no, og det blir for langt unna då avstanden mellom staulen og fjoset er 120 meter. Staulen har BYA 30 m², og totalt BYA vil då bli 40 m², noko som er godt innanfor det som er tillate som maksgrense for BYA i forvaltningsplanens retningslinjer.

Teikningane til søknaden syner eit uthus med tradisjonelt preg som vil passe godt til eksisterande staul. Utsjånadmessig ser det greitt ut på teikningane, og uthuset ser ut til å passe godt inn slik det er tenkt plassert. Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke landskapet i nokon negativ grad.

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slags verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verkar negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege tiltak.

I denne saka søkjast det om å setje opp eit lite uthus som skal nyttast til vedbod/utedo. Uthuset vil bli plassert om lag 20 meter frå stølsbua. Nordstaulen Lisveinbu har eit totalareal på 30 m². Uthuset vil vere på 3,10 m x 3 (10 m²). Det skal brukast dobbeltfalsa furubord på vegg, og furubord på tak.

Staulen ligg i eit område villreinen brukar jamleg. Normalt er det korkje kalving eller viktig vinterbeite ved staulen, men i Svafjellet like nord for staulen er det kalving nesten kvart år. Det er også ganske vanleg at villreinen kjem ned på staulsområdet om våren for å beite, og ofte er det dyr i områda heile sumaren og fram til brunsten om hausten. Området er dominert av myr, fjellbjørk og fjellgranskog. Sjølv staulsvollen og kringliggande område er tydeleg kulturpåverka. Det er sau som beiter her. Når det gjeld kulturminne, er det fleire bygningar og andre kulturhistoriske innretningar i området. Desse vil ikkje ble direkte påverka av tiltaket. I utgangspunktet heller ikkje fauna eller flora.



Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølvstapt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Estetikk er spesielt framheva når det gjeld bygningar i landskapsvernområde. Det heiter seg i forvaltingsplanen at dei skal ha ei tradisjonell byggestil og brun eller gråaktig farge, medan taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggjar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse. Planlagt uthus vil såleis vere i samsvar med andre bygningar i området, og kulturlandskapet vil framleis ha eit tradisjonelt preg.

Det går skuterslepe inn til Nordstaulen Lisveinbu, noko som betyr at eventuell materialtransport kan skje etter denne og at slik køyring berre krevjar dispensasjon etter motorferdselslova.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Torkjell Flatland løyve til oppføring av uthus på BYA 10 m² ved Nordstaulen Lisveinbu gnr. 90 bnr. 1 i Seljord kommune i samsvar med søknad dagsett 23.10.21. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner uthuset frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til naturverdiene i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følge av aktiviteten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Torkjell Flatland.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 31/21

Søknad om oppføring av tilbygg på gnr. 142 bnr. 1 i Seljord kommune - Augon Eika og Halvor Mæland

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Augon Eika og Halvor Mæland søker om løyve til oppføring av tilbygg på hytta Hellebui gnr. 142 bnr. 1, Kvammen sameige i Seljord kommune.

I søknaden er det opplyst om at dagens fritidsbustad utgjør BYA på 72m² + 12m² overbygd veranda. I tillegg er det i dag eit uthus på 10m². Omsøkt tiltak utgjør 44m² BYA. Utvida fritidsbustad vil få totalt 128m² BYA.

Søklarane eig hytta i saman, og legg til grunn at dei definerer hytta som to heilt avskilte hytter – under same tak. Med det som grunnlag for søknaden, søker dei om å bygge på hytta slik at dei får utvida kvar sin eigen avskilte del av bygningen, og total BYA blir då 128 m².

Vedlegg

- Søknad motteke 05.11.21 (2021/10745 – 1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høg fjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstante og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)."* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitenskapelig kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.



Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Hytta ligg i vernesona. Relevant forvaltingsmål for denne sona er at:

- «Vernesona skal oppretthaldast som eit verdifullt naturområde rikt på biologisk mangfald.
- Ein skal vere særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye tiltak/anlegg og motorferdsle i vernesona.»

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen og verneforskrifta punkt 3.2 seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m² – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

I denne konkrete saka er det slik at dagens fritidsbustad utgjer BYA på 72m² + 12m² overbygd veranda. I tillegg er det i dag eit uthus på 10m². Det søkjast om tilbygg på 44m², slik at hytta får to større avskilte delar. Det gjer at total BYA vil bli 128 m².

Søklarane eig hytta i saman, og legg til grunn i søknaden at *dei definerer hytta som to heilt avskilte hytter* – under same tak. Med det som grunnlag for søknaden, meiner dei at verneplanen gjev anledning til total BYA på 65m² x 2 = 130m².

Teikningane til søknaden syner eit tilbygg med tradisjonelt preg som passar til eksisterande hytte. Utsjånadmessig ser det greitt ut og det vil truleg ikkje føre til auka ferdsle, men storleiken på tiltaket er problematisk i høve til verneforskrift og retningslinjer i forvaltningsplan. Eksisterande bygningsmasse utgjer i dag totalt BYA 94m², noko som allereie er godt over grensa for maksimal storleik i høve til forvaltningsplan (80m²). Det er og å rekne som ein relativt stor fritidsbustad innanfor Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og andre verneområde.

Forvaltningsplanens maksimale storleik for hytter/uthus på BYA 80 m² må oppfattast som ein absolutt grense, og i dette høvet er tiltaket det søkjast om godt over den maksimale storleiken.

Det er fleire sameige i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde, og elles i kringliggande fjellområde. Det er ikkje grunnlag for, eller praksis at ein i forvaltninga reknar ei felles sameigehytte som to ulike einingar, slik som søklarane har gjort i dette høve. Verneområdeforvaltninga skal ikkje ta



stilling til korleis eit sameige er organisert eller liknande, men korleis eit fysisk tiltak kan påverke verneverdiane, og om tiltaket er i tråd med verneforskrift og forvaltingsplan.

Det vil skape ein uheldig presedens om det etablerast ein praksis der sameigehytter vert rekna som fleire «einingar» under same tak. Sjølv om hytta i dette høvet er organisert av eigarane som to einingar under same tak, vil ikkje det vere å rekne som to sjølvstendige einingar/hytter etter verneforskrift eller forvaltingsplan.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Augon Eika og Halvor Mæland avslag på søknad om løyve til oppføring av tilbygg på hytta Hellebui gnr. 142 bnr. 1, Kvammen sameige i Seljord kommune. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Augon Eika og Halvor Mæland.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.